Førsteblad

/

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vik

Emne: Brynet.

Bygdelag: Vik

Oppskr. av: Tor Hovland

Gard: Sæbö

(adresse): Vik i Sogn

G.nr. 1. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Bryne (eit) å bryna eller å kvessa. t.d. å kvessa ljåen.
Hein er nemning for eit serleg hardt bryne.

2. No brukar dei mest bryne av kunst-stein. Her er ei gamal overlevering i bygdi at det skulle finnast brynestein i bygdi sitt höjste fjell: Ramberen. Fjellet er 1700 m. og på toppen svært forvitra. Gamle folk no kan elles ikkje minnast anna enn at dei kjøpte bryni - dei kom frå byen d: Bergen.

3. Alle reiskapar vert fyrst slipt på ein rund slipestein og etterpå fin-kveste med bryne.

4. Ja. folk over 75 års alder kan hugsa at dei bruka tynsleljår
Slipesteinen kom i bruk for omlag ~~70~~-80-90 år sidan.
Tynsleljåne var tunnare enn dei noverande slipeljår.
Når dei hadde brynt ljåen så lenge at eggi var vorti avrunda

715

og sjukk, glödde dei den opp i smieavlen - alltid med trekol, som dei brende üt sjölve. Deretter vart gjäen hamra üt på ambolten. I sume smier har ein künna påvisa eit avlangt hol i bjelken over döri, der dei etter tynningi drog gjäen att og fram for å reinska den for kol og brent jern. (ro) eit
(Dette er notert frå smia på garden Hovland i Vanynes)

Det var hüsbonden på garden som sytte for tynningi. Oftast vart det nok gjort laürdags-em. for å ha reiskapane i orden til måndag morgon. Etter gamal skikk skülle drengene og leigekarar slå ein serleg teig om laürdagane. Desse teigane kallast laürdags-slatter, og kan enno påvisast. Det gjekk då på sprengen for å verta tidleg ferdige. Derved künne hüsbonden få reiskapane tidleg inn for å setja dei istand.

5. Eldre folk kan hugsa <u>senda</u>. Den er ikkje i brük no. Det var serleg öksar dei sette opp på den måten og elles snikkar-verkty. På mange gardar tok dei ein liten slipestein med seg i teigane. Det finst enno garder som har ein slik stein ståande konstant i teigen. og ikkje vert flytt.

6. Det er avhengig av både slåttemarki og slåttekaren. Her finst flinke

715
NORSK. ETNOLOGISK. GRANSKING

 

Ljåkarar som kan greia seg med ljåen heile dagen utan å slipa. Dei er då övanleg flinke brynarar. Ordtak: „Kan ein ikkje bryna, så kan ein ikkje slå." Elles er det vanleg at ein har ljåen i ei ökt, og sliper etter matmålet.

7. No te dags har ein ved sida av brynesteinen også med eit smergel-bryne, for å reparera ein grovare skade i eggi. At trebryne
x) har vore i bruk, kan ingen minnast.

8. Ljåen på langorvet vert alltid teke av når dei sliper. Stuttljå sliper dei med orvet på.
Dei held ~~mot~~ seg når dei sliper ljå, helst frå ~~mot~~ seg når dei sliper sigd, snel, öks og kniv.

9. Under brynings held dei stuttorv mellom krosskasta bein, sume sit ned på kne og stöd orvet i marki. Langorvet vert stöypt i marki.

10. Brynestrukka (ei) eller
Brynekodl. (koll) (ein)
Den er helst av ütgrave tre, kan også vera av blikk.

11. Ukjent her.

12. Ein spenner ei reim kring seg og fester strukka eller brynekodl tie



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4

reimi med ein jarnkrok. Skukka vert skyvd bak

13. Ein fuktar bryne av naturstein, mindre ~~kunst~~ smergelstein.
Å fukta med olje er kjent.
Elles er det enno ålment å sputta på. Um sumaren i heten hender det at dei brandar brynestuttu med sur myse, so det skal reinska ljåen betre.

14. Når ein slær om sumaren på skinlendt mark, seier ein at ljåen vert full av kóva. (ei)
Gruset i slipesteins-kallar ein gro: slipesteingro. Mjölet på brynet heiter brynekvit (eit)

15. Ukjent.
16. Ukjent.
17. Ikkje om brynet kjenner ein til det. Men slipesteinen bruka sume å leggja i sjöen om vintrane, så den skulle bli mjukare.
18. Ukjent
19. Ukjent
20. Ukjent

+) Tillegg til 7.
Gamle Anders Søbö, Vik (77 år) fortel at han har sett trebryne med overstroke lag av smergel. Det kalla dei brynestikka. Han sjölv har bruka å stryka eggi av ljåen etter brynngi med ein olderkjepp eller med tollekniven. Eggi på ljåen vart då serleg fin; men knivseggi vart skjemd.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

715

715